

## Månadsbrev til foreldra august/september 2019

Velkommen til eit nytt barnehageår. Vi har fått tre nye barn på avdelinga. Det er Mia, Pernille og Linnea. Dei første vekene vil vi bruke til å bli kjende med kvarandre. Vi vil jobbe med å få til gode rutinar slik at kvardagen blir så god som mogeleg for barna.

Tilvenning i høve dei nye barna tar ofte litt tid både for barn og foreldre. Etter kvart vil vi starte opp med turar, samling og ulike aktiviteter. Det blir viktig at barna får god tid til leik.



### Personale

Her kjem ei oversikt over personale som er på avdelinga.

Pedagogisk leiar: Torunn R Opedal 90%, fri annankvar fredag. Åshild Akse 30%, jobbar onsdag og annankvar fredag . Assistentar og fagarbeidare: Anne-Lise Underdal 100%. Stine Avedal 90%, fri annankvar onsdag.

### Ymse

- Dersom barnet er sjukt, eller skal ha fri er det fint om de gjer oss beskjed. Skifer tlf. 90691036
- Det blir foreldremøte 25. september kl. 18.00 - 20.00

### Tørking og merking av kle

Vi har ei utfordring ifht å få tørka kleda frå dag til dag når det regnar. Dette er det dykk som foreldre som har hovudansvaret for. Regnkleda **MÅ** vregast for å tørke på innsida, støvlar/sko **MÅ** ut av regnbukser/dress og våte sko må heim til tørk fordi vi ikkje har kapasitet til det i barnehagen. For at barnet ditt skal ha gode opplevingar ute så treng dei kle som er rett til årstida og som er tørre og reine når vi kler på oss!

Vi minner og om at kleda og støvlar/sko må merkast med **barnet sitt namn**. Det er vanskeleg for personalet å finne eigar når det ikkje står namn, og barnehagen kan dessverre ikkje ta ansvar for det som ikkje er merka. På forhånd tusen takk for hjelpa!

### Planleggingsdagane barnehageåret 2019/2020:

- Fredag 16. august
- Måndag 18.november
- Torsdag 2.januar
- Fredag 24.april
- Fredag 22. mai
- 
- Desse dagane er barnehagen stengt.

For meir informasjon om barnehagen, gå inn på:

<https://www.hyllestad.kommune.no/tenester/barnehage/>

